



# SELJE KOMMUNE

## Formannskapet

### Møtebok

**Møtedato:** 02.11.2015

**Møtetid:** Kl. 13:00 – 16:30

**Møtested:** Kommunehuset, 3 etg.

**Saksnr.:** 078/15 - 083/15

---

#### **Følgjande medlemmer møtte**

KRF: Ordførar Stein Robert Osdal. TP: Jan Vidar Smenes, Judith Kvåle.

AP: Åge Lundebrekke. SP: Gunn Sande. FRP: Marita Aarvik. H: Geir Årvik

---

#### **Følgjande medlemmer møtte ikkje**

---

#### **Følgjande varamedlemmer møtte**

---

#### **Følgjande frå administrasjonen møtte**

Økonomisjef Geir Kvisten. Rådmann Ørnulf Lillestøl, som og førte møteboka

Plan og utvikling v/Anja Midttun møtte i sak 081/15 og v/Kristian Nave i sak 082/15.

---

#### **Merknad til innkallinga**

Ingen

---

#### **Merknad til saklista**

Ingen

Formannskapet vedtok samrøystes å løfte referatsak nr. 4 opp for handsaming som fylgjande ekstra sak:

Sak 083/15 Synergier av Stad skipstunnel - Arbeidsgruppe

7 voterande.

## **Følgjande saker vart handsama**

<b>Sak nr.</b>	<b>Sakstittel</b>
078/15	Godkjenning av møtebok
079/15	Delegasjonssaker
080/15	Referatsaker
081/15	Gbnr. 46/4 - Delingssak - Grunneigedom - Birgit Hoddevik - Klagesak
082/15	Val - Politisk representantar til vassregionalutval og vassområdeutval
083/15	Synergier av Stad Skipstunnel - Arbeidsgruppe

**Tilleggsaker:** Sak nr. 083/15

**Utskrift protokoll:** Medlemmar, møtande varamedlemmar, biblioteka, abonnentar

**Utskrift møtebok:** Abonnentar, kontrollutvalet, kommunekassa, revisor

**Signatur:** \_\_\_\_\_



# SELJE KOMMUNE

<b>SAKSGANG</b>		
<b>Styre, råd, utval</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Formannskapet	02.11.2015	078/15

<b>Sakshandsamar:</b> Unni Eltvik Hovden	<b>Arkiv:</b> FE-	<b>Arkivsaknr</b> 15/567
---	----------------------	-----------------------------

## Godkjenning av møtebok

### TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN:

Møteboka frå møte 07.10.15 og 15.10.15 vert godkjent slik den ligg føre.

<b>Dok.dato</b>	<b>Tittel</b>	<b>Dok.ID</b>
26.10.2015	Møtebok FS 07.10.15.pdf	70231
26.10.2015	Møtebok KS 21.10.15.pdf	70232

### **Handsaming i Formannskapet - 02.11.2015**

7 voterande

### **FS-078/15 VEDTAK**

Møteboka frå møte 07.10.15 og 15.10.15 vert godkjent slik den ligg føre.

Samrøystes.



## SELJE KOMMUNE

<b>SAKSGANG</b>		
<b>Styre, råd, utval</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Formannskapet	02.11.2015	079/15

<b>Sakshandsamar:</b> Unni Eltvik Hovden	<b>Arkiv:</b> FE-	<b>Arkivsaknr</b> 15/565
---	----------------------	-----------------------------

### Delegasjonssaker

**DFS. 015/15: Gbnr 82/1 - Byggsak - Hytte - Kåre Vederhus**

**DFS. 051/15: Skjenkeløyve for alkohol - Enkelthøve - Tor Ivar Østreng - Svar på søknad**

**DFS. 052/15: Gbnr. 83/23 - Byggsak - Bustadhus - Lokal godkjenning - Geir Sandal AS**

**DFS. 055/15: Gnr. 39/5 - Byggsak - Rehabilitering pipe - Julia Halt**

### TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Delegerte saker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

### **Handsaming i Formannskapet - 02.11.2015**

7 voteande

### **FS-079/15 VEDTAK**

Delegerte saker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Samrøystes.





# SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	02.11.2015	080/15

<b>Sakshandsamar:</b> Unni Eltvik Hovden	<b>Arkiv:</b> FE-	<b>Arkivsaknr</b> 15/566
---	----------------------	-----------------------------

## Referatsaker

### Refererte skriv og meldingar:

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	15/4482	I	19.10.2015	Region Vest Statens Vegvesen	Trafikktryggingstiltak i kommunane - TIK-midlar 2016 - orientering
2	15/4500	I	19.10.2015	Mesta AS	Oppgradering Barmen ferjekai - Kostnadsoverslag
3	15/4616	U	26.10.2015	Formannskapet	Konsekvensjustert budsjett - Budsjettutfordringer 2016
4	15/4391	S	14.10.2015		Synergier av Stad Skipstunnel - Arbeidsgruppe

### Tilleggsreferat:

### TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Referatsaker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

### Handsaming i Formannskapet - 02.11.2015

7 voterande

### Tilleggsreferat:

Referat nr. 5: Ordførar – Orientering vedk. utleige av bustader

Referat nr. 4 vart løfta opp for handsaming som eiga sak – sak nr. 083/15.

**FS-080/15 VEDTAK**

1. Teke til vitande
2. Teke til vitande
3. Teke til vitande
4. Formannskapet var samrøystes for å handsame som eiga sak – Sak nr. 083/15.
5. Ordførar orienterte om utleigepraksis av kommunale bustader.  
Rådmannen vert oppmoda om å gjennomgå alle leigekontrakter i høve oppseiingsfristar.

Samrøystes.



# SELJE KOMMUNE

<b>SAKSGANG</b>		
<b>Styre, råd, utval</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Formannskapet	27.08.2015	060/15
Formannskapet	07.10.2015	071/15
Formannskapet	02.11.2015	081/15

<b>Sakshandsamar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>Arkivsak</b>
Anja Midttun	GBNR-46/1, FA-L33	15/138

## **Gbnr. 46/4 - Delingssak - Grunneigedom - Birgit Hoddevik - Klagesak**

### **Dokumentliste**

<b>Nr</b>	<b>T</b>	<b>Dok.dato</b>	<b>Avsender/Mottaker</b>	<b>Tittel</b>
2	I	10.02.2015	Birgit Hoddevik	Søknad om dispensasjon
1	I	10.02.2015	Birgit Hoddevik	Søknad om deling grunneigedom
3	I	11.02.2015	Birgit Hoddevik	Vedlegg til søknad etter jordlova
5	U	17.02.2015	Sogn og Fjordane fylkeskommunen	Gbnr. 46/4 - Delingssak - Grunneigedom - Hoddevik - oversending til uttale
4	U	17.02.2015	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Gbnr. 46/4 - Delingssak - Grunneigedom - Hoddevik - Oversendingg til uttale
6	I	05.03.2015	Sogn og Fjordane fylkeskommune	Søknad om dispensasjon gbnr. 46/4 Hoddevik for oppføring av bustad
7	I	17.03.2015	Fylkesmannen i Sogn og Fj. - Landbruksavd.	Uttale til søknad
8	I	18.03.2015	Fylkesmannen i Sogn og Fj. - Miljøvernabd.	Uttale til søknad
11	U	20.04.2015	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane; Sogn og Fjordane fylkeskommune	Gbnr. 46/4 - Delingssak - Grunneigedom - Hoddevik i Selje kommune - Oversending av vedtak
10	U	20.04.2015	Birgit Hoddevik	Gbnr. 46/4 - Delingssak - Grunneigedom - Birgit Hoddevik - Melding om vedtak
12	I	29.04.2015	Gunnar Hoddevik	Søknad om ny plassering av omsøkt tomt.
14	U	18.05.2015	Sogn og Fjordane fylkeskommune	Gbnr. 46/4 - Delingssak - Grunneigedom - Hoddevik - Endra plassering - Oversending til uttale
13	U	18.05.2015	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Gbnr. 46/4 - Delingssak - Grunneigedom - Hoddevik - Endra



16	U	19.05.2015	Birgit Hoddevik	plassering - Oversending til uttale Søknad frådelling gbnr 46-4 Hoddevik - Informasjon
15	U	19.05.2015	NVE region vest	Gbnr. 46/4 - Delingssak - Hoddevik - Selje kommune - Aktsemdsområde - Oversending til uttale
17	I	04.06.2015	NVE	Fråsegn til søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel
18	U	10.06.2015	Birgit Hoddevik	Krav om skredfarevurdering i høve frådelling bustadtomt, gbnr 46/4
20	I	17.06.2015	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Fråsegn til søknad om dispensasjon frå arealdelen til kommuneplanen
19	I	17.06.2015	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Frådelling av bustadtomt- endra plassering, dispensasjon
22	U	19.06.2015	Birgit Hoddevik	Informasjon om klaging på vedtak i delingssak på gbnr 46/4
21	I	19.06.2015	Sogn og fjordane fylkeskommune	Kulturminnefagleg fråsegn
23	I	07.07.2015	Gunnar Hoddevik	Klage på vedtak
26	U	09.10.2015	Grunneigarlaget i Hoddevik	Gbnr. 46/4 - Delingssak - Grunneigedom - Hoddevik - ettersending til uttale
25	U	09.10.2015	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane; Sogn og Fjordane fylkeskommune; Grunneigarlaget i Hoddevik; Birgit Hoddevik; Statens vegvesen Region vest	Gbnr. 46/4 - Delingssak - Grunneigedom - ny tilkomst - oversending til uttale
27	I	17.10.2015	Terje Hoddevik	Uttale
28	I	18.10.2015	Kjell Hoddevik	Uttale
30	U	19.10.2015	Terje Hoddevik	Foreløpig svar på uttale
29	U	19.10.2015	Kjell Hoddevik	Foreløpig svar på uttale
33	I	20.10.2015	Statens vegvesen	Uttale i delingssak - Ny avkøyrslø - gbnr. 46/4
32	I	20.10.2015	Jan Ove Hoddevik	Uttale 46/4-delingsak
31	I	20.10.2015	Sverre Hoddevik	Uttale Gbnr. 46/4 - Delingssak
34	I	21.10.2015	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Uttale - Ny tilkomst gbnr. 46/4, frådelling av bustadtomt
36	I	22.10.2015	Sogn og Fjordane fylkeskommune	Selje - Hoddevik gbnr. 46/4 - Delingssak med grunneigedom og ny tilkomst
35	I	22.10.2015	Birgit Hoddevik	Uttale

### Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
19.08.2015	Kart tomt 46-4.pdf	64271
23.10.2015	Forslag 1_ 5 m frå steingard 46-4.pdf	69753
23.10.2015	Forslag 2 nedanfor gamal bygdeveg 46-4.pdf	69754

## **Saka gjeld**

Klage på vedtak i PS – 025/15 datert 15.04.2015 – Deling etter Plan- og bygningslova og arealdelen av kommuneplanen.

### **Opplysningar til saka**

Birgit Hoddevik søkte på å dele i frå ei 1 da stor bustadtomt i nordlege hjørnet på hovudteigen på garden. Det kom uttale frå fylkeskommunen og fylkesmannen som gjekk i mot forslaget på grunn av at tilkomsten ville gå igjennom steingarden på buråsa som går i bygda. I tillegg ligg parsellen inne i eit dyrka område. Ei alternativ plassering vart sendt inn etter at me gav eit avslag på det fyrste forslaget og kommunen kom med forslag til plassering aust for deira forslag og ved innkøyrsla til eigedomen. Austre linje på den føreslegne tomte går langs vegen på tunet.

Grunneigarlaget har eit sterkt fokus på bevare dei gamle steingardane langs buråsa. Dei har innleigd ekspert til å lage rapport om kva tilstand steingardane er i. Same person var tidleg i august dette året på staden og hald eit kurs som var ope for alle, der vedlikehald av steingardane var tema. Det er no i gang med arbeidet med å restaurere murane der det er behov.

Birgit Hoddevik har sendt inn klage på vedtaket datert 06.07.2015.

Innhaldet i klagen for å få delt i frå opprinnelig parsell, vert oppsummert slik:

- 1) Området det er søkt om ligg på den skrinna delen av innmarka
- 2) Huset kan byggjast så pass langt frå Fylkesvegen at en slepp sjenansen derifrå
- 3) Terrenget er her så skrått at ein kjem tilnærma under vegnivå som og reduserer sjenanse frå vegen pluss at huset vil verte mindre dominerande i utsynet frå mitt hus
- 4) Avkjørsla her er godkjend av vegvesenet
- 5) Kommunen treng fleire skattebetalarar

### **Lover/regelverk**

Plan- og bygningsloven  
Arealdel av kommuneplan  
Naturmangfoldloven

### **Sakshandsamar si vurdering**

Å plassere eit bygg midt ut i landbruksterreng vil gjere store inngrep både med tomt og tilkomst. Det vil i begge plasseringane som er foreslått frå grunneigar, gjere for stort inngrep i høve til dei gamle steingardane langs buråsa. Fylkeskommunen har råda kommunen sterk i frå å gje løyve til dette på grunn av dei gamle steingardane. I tillegg er det i grunneigarlaget si interesse å heller restaurere desse enn å gjere inngrep i dei. I tillegg kom fylkesmannen med uttale som tala imot fordi eit aktivt landbruk vil påverke ei bustadtomt her i negativ lei. Kommunen skal i kommuneplanen velje ut kjerneområde for landbruk og Hoddevik står sterkt i så måte. Det kanskje viktigaste argumentet for ei frådeling her vil likevel vere utvalgt kulturlandskap. Denne statusen har me fått tildelt, men vil bli redusert eller forsvinne om ein ikkje ivareteke verdiane kring ein slik status og stadig dispenserer frå plan. Kommunen kom med eit alternativ som er mindre konfliktylt i høve til tilkomst, steingardane, inngrep, landbruksareal, utvalgt kulturlandskap og skred. Dette fordi ein samlar byggmassen i lag og nyttar same infrastruktur og tilkomst som ligg der i dag. Det vil heller ikkje vere inngrep i steingardane.

## **Konklusjon**

Etter ei totalvurdering finn me ikkje gode nok grunnar til å ta klagen til fylgje.

## **Saksgang**

Held kommunen fast på vedtak i sak nr. PS 025/15, vert saka sendt til fylkesmannen til endeleg avgjerd. Tek kommunen klaga frå Birgit Hoddevik til fylgje stoppar saka i formannskapet med mindre den vert påklaga.

## **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

Selje kommune tek ikkje klagen frå Birgit Hoddevik, datert 06.07.2015, til fylgje og held fast på vedtak i PS 025/15 datert 15.04.2015.

## **Handsaming i Formannskapet - 27.08.2015**

7 voterande

### **Framlegg frå ordførar:**

Saka vert utsett.

Det vert avholdt synfaring før ny handsaming i Formannskapet 07.10.15.

### **Røysting:**

Framlegg frå ordførar fekk 5 røyster for og 2 røyster mot.

## **FS-060/15 VEDTAK**

Saka vert utsett.

Det vert avholdt synfaring før ny handsaming i Formannskapet 07.10.15.

## **Handsaming i Formannskapet - 07.10.2015**

7 voterande

### **Framlegg frå Gunn Sande:**

Saka vert utsett til neste møte; 02.11.15.

### **Avrøysting:**

Framlegg frå Gunn Sande fekk 7 røyster for. Samrøystes.

## **FS-071/15 VEDTAK**

Saka vert utsett til neste møte; 02.11.15.

Samrøystes.

---

## Nye saksopplysingar etter 07.10.2015

På synfaringa 07.10.2015 vart Formannskapet einige om at det skulle fremjast forslag om alternativ tilkomst for å få søknaden igjennom i tillegg til at steingarden langs buråsa vert teken i vare.

Sakshandsamar laga til 2 forslag om tomteplassing, sjå vedlegg. Eit som gjekk på at tomta skal plasserast 5 m i frå steingarden og eit som kom nedanfor ein gamal bygdeveg som ligg på teigen. Tilkomst for begge alternativa skal vera ved eksisterande avkøysel, men den skal utvidast for å betre tilkomsten.

Alternativa vart sendt på høyring til heimelshavar, grunneigarlaget i Hoddevik, Statens vegvesen, fylkesmannen si landbruks- og miljøvernavdeling, og fylkeskommunen si kulturavdeling.

Det er kome uttale i frå heimelshavar, 4 grunneigarar (Hoddevik grunneigarlag), Statens vegvesen, fylkesmannen, og fylkeskommunen.

Her er utdrag frå kvar uttale:

Birgit Hoddevik (Heimelshavar, HH): *«HH meiner at forslag 1 til plassering av tomt langs gjerdet til nabogarden, er det som best ivaretek dei fleste omsyn. Byggje på skrinaste del av innmarka, rimeleg avstand til tunet og minst plage av støy og frontlys frå biltrafikken. Eg har undersøkt med Vegvesenet og einaste løysing med tilkomst frå svingen som kan akseptrast, er at denne skjer gjennom min eigen innkjørsel, dette fører til for stort inngrep på mitt indre tun. Tanken om ein tilkomst ved ein parallell innkjørsel i det området som ligg rett syd for porten min (området utan steingard), er ein god ide, men vil ikkje verte godkjent av vegvesenet, Dei har bekrefta at dei aldri kan godkjenne to utkjørsler i ein slik sving som dette, av omsyn til trafikksikkerheita. Ein tilkomstveg her vil verte svært bratt og ein bekk mellom tilkomst og steingard fører i periodar mykje vatn og vil krevje sikring. Og ein vil ta meir av innmarka. Eg bed om at ein vurderer på ny tilkomst som er godkjent av Vegvesenet i grensa til nabogard. Er klar over at ein må krysse steingarden og vil dekkje utgifta som trengst for å utføre dette på den mest skånsame måten. Tilkomsten her vil spare innmark og vert mindre bratt. Og vil byggje opp steingarden der det no manglar ein del. Steingarden er eit kulturminne, men eg meiner det må vere mogleg å akseptere løysingar når tilhøva er best slik, jf sak i Fjordenes tidende tysdag 13.oktober 2015.»*

Saka i FJT: Ein grunneigar på Eid har fått fjerna delar av ein steingard slik at landskapet skal verta lettare å slå. Sogn og fjordane fylkeskommune hadde ut i frå ei kulturhistorisk vurdering ingen merknader til søknaden.

Terje Hoddevik (Hoddevik grunneigarlag): *«Ser at det i utsendt skriv til Hoddevik Grunneigarlag står i delingssaka på Gnr46/bnr4 at jordsmonnet er tynt og ikke egner seg til dyrking, berre til beiteområde som resten av 46/4 ,dette er feil, Brekkegarden har vore nytta til slått i alle år, bortsett fra etter at jorda vart nedlagt av eigar, og deretter nytta til beite, dette var berre ei lita poengtering, eg har ikke noke i mot at folk flytter til bygda, det er berre positivt, men dette opner vel opp for bygging fleire plasser i bygda på fradelt dyrka mark regner eg med??»*

Kjell Hoddevik (Hoddevik grunneigarlag): *«Vil gjerne påpeike at det som er skrevet om at det kun er beitejord på brekkane 46/4 ikkje stemmer, der var slått maskinelt og hesja heile tida mens garden var i drift, der er helling, men likevel god slåttematjord, kan heller ikkje sjå behovet for fleire fritidsbustadar på god matjord i Hoddevikja no, ja ser at der står bolighus, men der er vel fleire som har søkt og fått bygd på dei premissane, og so vart det fritidsbustad av det. Men dersom det blir gitt løyve til bygging der, så opner det seg jo store muligheter på resten av gardane i Hoddevikja.»*

Jan Ove Hoddevik (Hoddevik grunneigarlag): «Eg støtter forslag 1 og 2 vist på kart, der det eksisterande tilkomst vert nytta. Ei løysing med tilkomst gjennom råsa og gjennom steingaren vil vere øydeleggjande for råsa. Det vil og sette ein negativ standard for vidare utvikling av råsa som eit unikt kulturminne. Det er viktig for Hoddevik med tilflytting og utvikling, men det er endå viktigare og ta vare på kulturen og landskapet, for det er nettopp det unike kulturlandskapet og kulturen som gjer Hoddevik ettertrakta, derfor må vi fare varsamt fram, for er det fyrst borte, kjem det ikkje tilbake.»

Sverre Hoddevik (Hoddevik grunneigarlag): «Alle grunneiere i Hoddevik har bruksrett til "Buråsa", som i dette området omgir Fylkesveien. Tomteplasseringen er ikke problematisk. Administrasjonen sine skisser til adkomst vil ivareta strukturene i kulturlandskapet, samtidig som felleskapets rettigheter ikke berøres.»

Statens vegvesen: Vi gav i brev datert 07.01.2015 «førehandstilsegn til avkøyrslø lenger mot vest, enn kva som er føreslått frå kommunen si side. Bakgrunnen for førehandstilsegne var at søkjar ikkje ynskta å nytte eksisterande avkøyrslø då dette ikkje var ynskjeleg frå eigar av tomt gnr. 46 bnr. 4. Vi stiller oss positiv til at eksisterande avkøyrslø vert nytta, då det her er mogleg å opparbeide tilfredsstillande krav, spesielt med tanke på sikt. Vi presiserer at det må søkjast om utvida bruk av eksisterande avkøyrslø når dette vert aktuelt. Ovanfor nemnde førehandstilsegn vil då felle bort.»

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, landbruksavdelinga: «Den aktuelle tomteplasseringa er i hovudsak i tråd med alternativet vi hadde på høyring i mars 2015. Vi meiner at ein med denne lokaliseringa av tomte, i tilknytning til eksisterande bygningar og infrastruktur, i størst grad tek omsyn til både landbruksinteressene og kulturlandskapsverdiene i området. Det er no lagt fram to forslag til avgrensing av sjølve tomte, der forslag 2 er trekt vekk frå den gamle steingarden og litt lenger inn på dyrka mark. Vi vil likevel ikkje ha avgjerande merknader til ei tomteavgrensing etter forslag 2, dersom dette er viktig for å ta vare på steingarden og restane av den gamle bygdevegen.»

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane si miljøvern avdeling viser til fråsegna frå landbruksavdelinga og støtter innspela til saka. Dei prioriterer ikkje å gje eiga fråsegn.

Sogn og Fjordane fylkeskommune, kulturavdelinga: «Den markerte geila er eit svært viktig kulturminne og kulturlandskapselement i Hoddevik. Sjølv om den ikkje er markert med stein heile vegen i dag, må likevel linja for geila oppretthaldast. Den gamle bygdevegen som blei identifisert ved formannskapet si synfaring, er sameleis eit verdifullt kulturminne å ta vare på for bygda. Vi vil tilrå at løysing nr 2 blir valt. Med den løysinga er det i forhold til tomten, tilstrekkeleg avstand til geila. Løysinga inneber også at den gamle bygdevegen blir liggande utanfor tomte, noko vi meiner også er viktig. Vi går ut frå at det vil vere ei avkøyrslø frå fylkesvegen. Dersom det er påkrevd, kan avkøyrslø utvidast litt. Linjeføringa til geila er som nemnt viktig å oppretthalde, så utvidinga må vere skånsam og ikkje større enn naudsynt. Den gamle bygdevegen vil bli kryssa av tilkomstvegen. Vi må oppmode om at kryssinga må gjerast skånsamt og ikkje større enn naudsynt. Vi gjer også merksam på at innmarksarealet for tilkomstveg og ny tomte kan innehalde kulturminne som har tilknytning til gardsdrift her i førhistorisk tid. Slike spor er automatisk freda, jf. lov om kulturminne §4. Dei som skal gjere gravearbeid, må gjerast merksam på følgjande: Dersom dei kjem fram på noko som kan vere automatisk freda kulturminne, må arbeidet med ein gong stansast, og det må takast kontakt med Kulturavdelinga i fylkeskommunen. Foto kan sendast via mobil.»

### **Sakshandsamar si vurdering**

Det er viktig å ta i vare steingarden i buråsa. Steingarden er eit viktig element i høve til statusen som området Hoddevik er tildelt som utvalgt kulturlandskap.

Uttalane viser at det er stor semje om å ta vare på steingardane. Statens vegvesen skriv at det er greitt å nytte eksisterande avkøyrslø og utvide bruken av denne. Derfor ser ikkje kommunen noko problem med å nytte eksisterande avkøyrslø.

Heimelshavar ynskjer ikkje å nytte eksisterande avkøyrslø, men at avkøysle til tomte kjem gjennom steingarden som opprinnelig omsøkt. Heimelshavar har no fått presentert 3 ulike alternativ for tomt og tilkomst i dei ulike sakutgreiingane for å ivareta det viktige kulturminne buråsa/geila med steingardane er, men ho har vore tydeleg på at tiltaka kjem for nær tunet hennar og at inngrepet på dyrka mark vert for stort. Me ser ikkje noko grunn til å gå imot hennar ynskje på dette og vurderer difor kun opprinnelig omsøkte plassering av tomt og tilkomst. Der vil både steingarden og den omtala bygdevegen bli råka. Skal Hoddevik oppretthalde status som utvalgt kulturområde, er det nettopp slike viktige kulturminne som må ivaretakast. I staden for å fjerne deler av steingarden, er det heller viktig å restaurere murane som finnest og bygge nye der det manglar.

Me vil vise til § 19-2 i Plan og bygningslova der det blant anna står: «*Ved vurderingen av om det skal gis dispensasjon fra planer skal statlige og regionale rammer og mål tillegges særlig vekt. Kommunen bør heller ikke dispensere fra planer, lovens bestemmelser om planer og forbudet i § 1-8 når en direkte berørt statlig eller regional myndighet har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.*»

NVE har uttalt seg i saka tidlegare. Skulle ein ha gått for eit av dei 2 alternativa som kom fram på synfaringa, skulle det setjast vilkår om ein skredfarer rapport før ei frådeling ville finne stad og krevje evt sikringstiltak før bustadhus vart ført opp.

### **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

Heimelshavar på gbnr 46/4 er negativ til å nytte eksisterande avkøyrslø og meiner det vert for store inngrep på innmarka ved å lage tilkomst via denne til dei to alternativa som kom fram på synfaringa 07.10.2015, og vist på skisser. Alternativet administrasjonen laga i fyrste saksutgreiing, der tomte kom i hjørnet ved avkøyrslø, tykkjer heimelshavar vert for nær tunet. Selje kommune tek difor ikkje klagen frå Birgit Hoddevik, datert 06.07.2015, til fylgje og held fast på vedtak i PS 025/15 datert 15.04.2015, men administrasjonen sitt forslag om alternativ tomt i hjørnet ved avkøyrslø, fell vekk.

### **Handsaming i Formannskapet - 02.11.2015**

7 voterande

### **Røysting:**

Ny tilråding frå administrasjonen (etter 07.10.15) fekk 7 røyster for. Samrøystes

### **FS-081/15 VEDTAK**

Heimelshavar på gbnr 46/4 er negativ til å nytte eksisterande avkøyrslø og meiner det vert for store inngrep på innmarka ved å lage tilkomst via denne til dei to alternativa som kom fram på

synfaringa 07.10.2015, og vist på skisser. Alternativet administrasjonen laga i fyrste saksutgreiing, der tomte kom i hjørnet ved avkøyrsla, tykkjer heimelshavar vert for nær tunet. Selje kommune tek difor ikkje klagen frå Birgit Hoddevik, datert 06.07.2015, til fylgje og held fast på vedtak i PS 025/15 datert 15.04.2015, men administrasjonen sitt forslag om alternativ tomt i hjørnet ved avkøyrsla, fell vekk.

Samrøystes.

Utskrift til:

Partar i saka

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane



# SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret		
Formannskapet	02.11.2015	082/15

Sakshandsamar Kristian Nave	Arkiv FA-L33	Arkivsak 15/560
--------------------------------	-----------------	--------------------

## Val - Politisk representantar til vassregionalutval og vassområdeutval

### Saka gjeld

Saka gjeld val av politisk representant til vassregionutval og vassområdeutval.

### Opplysningar til saka

Vassforvaltninga er ein kontinuerlig prosess der arbeidet med nye kartleggingar og planar startar opp så snart ein plan er vedteken. Framlegg til Regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane Vassregion 2016 – 2021 har vore under arbeid i lang tid og var handsama og vedteken i Vassregionutvalet for Sogn og Fjordane på fylkeshuset på Leikanger onsdag 21. oktober 2015. Kristian Nave frå administrasjonen var tilstades på møtet.

Planutkastet skal vidare til Fylkestinget for endeleg vedtak.

Kommunane har ein politisk vald representant og ein frå administrasjonen. Den tilsette inngår i arbeidsutvalet i vassområde og skaffar opplysningar, førebur saker og liknande.

Formelt sett bør det vere ein politisk vald representant som nytta kommunen sin stemmerett i vassområdeutvalet og vassregionutvalet.

I samarbeid med rådmann og ordførar vert Veronika Hatlenes føreslegen som politisk representant for Selje kommune i desse utvala.

### Lover/regelverk

•Forskrift om rammer for vannforvaltningen (Vassforskrifta).

Utdrag frå § 22.(vannregionutvalg):

*Vannregionmyndigheten skal innenfor den enkelte vannregion opprette et vannregionutvalg under ledelse av vannregionmyndigheten. Vannregionutvalget skal være sammensatt av representanter for vannregionmyndigheten og øvrige fylkeskommuner, fylkesmannsembeter, samt andre berørte sektormyndigheter og kommuner. Representanter for berørte rettighetshavere og private og allmenne brukerinteresser skal være nært knyttet til vannregionutvalget gjennom en referansegruppe.*

•Forurensningsloven



- Vannressursloven
- Plan- og Bygningsloven

### **Finansiering**

Dette valet krev ikkje særskild finansiering.

### **Sakshandsamar si vurdering**

Deltaking i Vassområdet Nordfjord (og Sogn og Fjordane Vassregion) krev val av ein politisk representant. Framlegg Veronica Hatlenes. Det er ikkje teke stilling til vararepresentant.

### **Konklusjon**

Framlegg til politisk representant i Nordfjord Vassområde: Veronica Hatlenes

### **Saksgang**

Saka vert handsama i formannskapet og det vert gjort endeleg vedtak i kommunestyret.

### **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

Selje kommune vel Veronica Hatlenes.som politisk representant til Vassområdet Nordfjord.

### **Handsaming i Formannskapet - 02.11.2015**

7 voterande

### **Framlegg frå Formannskapet:**

Som tilråding frå administrasjonen med fylgjande tillegg:  
Andreas Rundereim vert valt som vararepresentant.

### **Røysting:**

Framlegg frå Formannskapet fekk 7 røyster for. Samrøystes.

### **FS-082/15 FRAMLEGG**

Selje kommune vel Veronica Hatlenes.som politisk representant til Vassområdet Nordfjord.  
Andreas Rundereim vert valt som vararepresentant.





# SELJE KOMMUNE

<b>SAKSGANG</b>		
<b>Styre, råd, utval</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Formannskapet	07.10.2015	076/15
Formannskapet	02.11.2015	083/15
Kommunestyret	16.11.2015	

<b>Sakshandsamar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>Arkivsak</b>
Ørnulf Lillestøl	FA-Q64	15/75

## Synergier av Stad Skipstunnel - Arbeidsgruppe

<b>Nr</b>	<b>T</b>	<b>Dok.dato</b>	<b>Avsender/Mottaker</b>	<b>Tittel</b>
19	I	07.10.2015	Høgre og Senterpartiet FRP	Synergieffekter frå bygging av Stad Skipstunnel
20	I	14.10.2015	NVE	Innspel til oppstart av områdereguleringsplan
21	I	21.10.2015	Bjarne Myrstad	Feil og manglar ved bruksnr på kart - Moldefjorden
22	I	22.10.2015	Vanylven kommune	Melding om vedtak
23	I	23.10.2015	Møre og romsdals fylkeskommune	Fråsegn til varsel om oppstart med planprogram
24	I	26.10.2015	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Selje kommune - fråsegn til varsel om oppstart av arbeid med områdereguleringsplan for Stad skipstunnel og høyring planprogram
25	I	30.10.2015	Randi Humborstad	Innkalling til styringsgruppemøte for Stad skipstunnel 5. november

### Opplysningar til saka

Saka kom opp som tilleggsak.

### Handsaming i Formannskapet - 07.10.2015

7 voterande

Innspel til å handsame ekstra sak frå FRP, Høgre og Senterpartiet vart lagt fram.

Formannskapet vedtok samrøystes å handsame saka.

**Framlegg frå FRP, H og SP:**

Det opprettes et nytt utval som skal koordinere arbeidet med Synergieffektene fra byggingen av Stad Skipstunnel.

Utvalget skal bestå av 3 medlemmer.

Leder: Anfinn Sjøstad

Medlem: Gunnar Silden

Medlem: Styret i bedriftsforeningene på Stadlandet og i Selje velger en felles representant i utvalget.

Utvalget organiseres slik:

Utvalget skal i første omgang finansieres i gjennom 150 000,- i tilskudd fra Nordfjord Vekst og de løpende kaileinntektene frå Nordfjord Hamn som blir utbetalt Selje kommune kvartalsvis (ca. 150 000,- i årlige inntekter). Utvalget rapportere direkte til formannskapet.

**Framlegg frå Formannskapet:**

FRP, H, SP bearbeider framlagt forslag som vert å handsame i eit seinare formannskapsmøte.

Viktige moment å te omsyn til er:

Samarbeid med Nordfjord Vekst, Nordfjord Hamn, Vanylven kommune og Vågsøy kommune, samt det økonomiske aspektet.

**Røysting:**

Framlegg frå FRP, H, SP fekk 0 røyster for.

Framlegg frå Formannskapet fekk 7røyster for. Samrøystes.

**FS-076/15 VEDTAK**

FRP, H, SP bearbeider framlagt forslag som vert å handsame i eit seinare formannskapsmøte.

Viktige moment å te omsyn til er:

Samarbeid med Nordfjord Vekst, Nordfjord Hamn, Vanylven kommune og Vågsøy kommune, samt det økonomiske aspektet.

Samrøystes.

**Handsaming i Formannskapet - 02.11.2015**

7 voterande

Saka sto oppført under referat – nr. 4. Det vart i Formannskapet samrøystes vedteke å løfte den opp for handsaming som eiga sak.

Ordførar viste til motteken e.post, dat. 28.10.15 frå Anfinn Sjøstad, med fylgjande framlegg frå H, SP og FRP:

«Selje kommune etablerer eit «Utval for synergjar frå bygging av Stad skipstunnel». Utvalget skal ha 3 medlemmar og ein av medlemmane skal oppnevnt av Selje og Stadlandet bedriftsforening.

Intensjon:

Utvalet skal koordinere og systematisere idear og innspel frå næringsliv og privatpersonar i Selje kommune og nabokommunane mtp synergjar frå bygginga av Stad skipstunnel. Dette for å sikre at viktige innspel rundt utnytting av tunnelmasse, synergjar for reiselivet etc vert ivaretekne og utnytta.

Forslag til vedtak:

Formannskapet vedtek eit utval som her er skissert, og ber administrasjonen om å utrede finansiering og ansvars- / arbeidsområde til neste kommunestyremøte.»

Formannskapet la fram fylgjande

**Framlegg frå Formannskapet:**

Formannskapet tilrår Kommunestyret å opprette eit utval som her er skissert, og ber administrasjonen om å utrede finansiering og ansvars- / arbeidsområde til neste kommunestyremøte.

**Røysting:**

Framlegg frå Formannskapet fekk 7 røyster for. Samrøystes.

**FS-083/15 FRAMLEGG**

Formannskapet tilrår Kommunestyret å opprette eit utval som her er skissert, og ber administrasjonen om å utrede finansiering og ansvars- / arbeidsområde til neste kommunestyremøte.

